

# Landskapsmuseet på Straume



Vaksdal kommune har bygd opp eit fint landskapsmuseum på Straume. Her er Bolstadfjorden på sitt smalaste, med ein kraftig fjordstraum som renn tett forbi Skipshelleren. Her ligg også den spesielle Dragebyggja, som vart brukt for å dra båtane gjennom den sterke straumen. Vidare er der ei samling naust bygd i stavkonstruksjon, og ei restaurert laksegilje som syner unike fangstmetodar. Her finn ein og eit velutstyrt skulemuseum som vart opna i 1989. Kallestadstova med deler av Dyviksamlinga er ei privat samling som omfattar alt frå våpen til bunadssølv og tekstilar. Museet kan nåast både frå vegen og frå sjøen. På skulemuseet kan ein få vera med på ein skuledag slik det var i gamle dagar.



## Fakta om Skipshelleren og Straume:

Skipshelleren ligg på Straume på Stamnes i Vaksdal kommune. Reisetid frå Bergen sentrum: Ca 1 time, god parkering for buss.

10 min å gå på tilrettelagd sti frå bilveg (ikkje rullestol).

Det er eige grindbygg tett ved sjøkanten som ein kan søkja ly under. Bålgruver til steiking av mat

Borna får låna utstyr (skinn, økser, spyd,) til å leika steinalderfolk

Avstanden frå inst i helleren til open himmel (dråpefallet)

er om lag 15 meter på det lengste! Takhøgda er heile 30 meter.

Under utgravingane i 1930-31 fann ein rundt 175 000 bein og beinsplintar.

-Velkomen til ein opplevingsrik dag i eit spanande kulturhistorisk område.

Vi kan syna deg rundt, fortelja, og gje deg interessante opplysningar i og ved Skipshelleren og Straume landskapsmuseum.

**Særskilt opplegg for skuleklassar**

**Påmeldingsfrist er: 1. mars**


**Pris: kr 70 pr elev**

*(Dette inkluderer omvising og bruk av området for inntil 20 personar, større grupper etter avtale.)*


**Andre grupper, pris og opplegg etter avtale.**

- Er du interessert så ta kontakt med Vaksdal kommune, tlf. 56 59 44 00  
e-mail: [post@vaksdal.kommune.no](mailto:post@vaksdal.kommune.no)

Sjå meir om Skipshelleren på:  
[www.vaksdal.kommune.no](http://www.vaksdal.kommune.no)



Grafisk produksjon: Voss Prenteverk AS, Voss • Alle foto: Sveinung Klyve



Ein 7000 år gamal steinalderbuplass



# Funn av bein og reiskapar



For om lag 7000 år sidan stod fjorden ca 20 m høgare enn i dag og veidefolk fann staden som ein god buplass med rike fangst og fisketilhøve og ikkje minst god ly for ver og vind. Det rikhaldige beinmaterialet som ein fann ved utgravinga i 1930-31 syner oss at Skipsheller- folket hadde eit variert kosthald. Heile 22 ulike

fiskeslag symde den gongen rundt i fjorden og ein fann bein etter 48 fuglearter her. Funna syner at hjorten må ha vore særst talrik på den tida. Nesten 67% av beinfunna er etter hjort. To andre dyr som det og vart jakta mykje på er; fjordsel og villsvin. I tillegg fanns det og bein etter bjørn, gaupe, ulv og bever, som er slike dyr me ikkje ser så mykje til i dag her i området. Litt uventa var det kanskje å finna ut at 10,8% av pattedyrbeina faktisk var etter husdyr. Funna tyder på at Skipsheller folket tok til å halde kyr, sauer og geit alt ca 2000 år før Kristus.

Ein fann også 120 fiskeonglar av bein, 18 stykke av harpunar eller lysterspissar. Elles vart det funne pilespissar, fuglepilar, garn – nålar, syler og slagstokkar av horn og bein. Skipshellerfolket hadde ein del reiskap av stein, slik som steinøkser, pilesplisser og enkle flintkniver, men det er flest funn av reiskap av horn og bein. Ca 700 avfallsflisar vart og samla opp, av dei 85 flintflisar, og dei andre var mest skifer og kvartsitt. Dette er avfall etter steinarbeid på staden.



## Beinfunn i Skipshelleren - fordelt på ulike artar



# Opplev steinalderen på nært hold

**Deltakarane får prøva skinn og reiskapar frå tida då folk levde i Skipshelleren.**



«Levande» instruktørar frå området fortel og legg til rette for ein flott dag. Inne i Skipshelleren kan ein klatra opp og sitja som i eit amfi, tørt og godt med den store steinkvelven over seg.



Hjortejakt med spyd som våpen, her må det kastetrenning til! Ikkje alle hjortar står så stille som denne.



Korleis er det eigenleg for oss som lever i dag, å gå på villsvinjakt i skinnklede og med steinaldervåpen.



Å laga eld utan fyrstikker berre ved bruk av flintstein, greier vi det, tru? Lettare sagt enn gjort.



Det er enklare å padla i ein kano enn å laga ein! Her trengs det både teknikk, tålmod og gode økser.



I sjøkanten nedanfor Skipshelleren, ligg eit fint grindbygg som ein kan sitja tørt under og eta nistematen sin.



Å laga pinnebrød og grilla pølser er alltid populært når ein er ute i det fri.

**Får du eller gruppa ditt lyst til å prøva dette i nokre timar saman med oss, ligg det til rette for det. Alle kan lære noko eller oppleva noko i møtet med natur og kultur under helleren.**